



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Karl Johans gate 22
0026 OSLO

Dykkar ref
Spm 1372

Vår ref
16/840

Dato
01.07.2016

Svar på skriftleg spørsmål nr. 1372 frå representanten Geir Pollestad

Eg viser til brev av 24. juni 2016 der representanten Geir Pollestad stiller følgjande spørsmål for skriftleg svar:

"Produksjonen av kjøt frå sau er aukande. Korleis har utviklinga i bruk av beiteressursane og kraftfôr til denne produksjonen vore dei siste åra sett i samanheng med produksjonen?"

Regjeringa har ved jordbruksoppgjera gjennomført fleire viktige tiltak for norsk sauehald. Dette har gjeve ei positiv utvikling innan norsk sauehald i dei seinare åra, og vi har oppnådd marknadsdekning med norsk vare. Produksjonen av kjøt av sau/lam var i åra 2013, 2014 og 2015 på høvesvis 23,6, 24,2 og 25,6 mill. kg.

Materiale frå Landbruksdirektoratet og søknad om det generelle beitetilskotet syner at 99 prosent av norske sau/lam går på beite, og at talet for sau/lam på beite har auka frå 2013 til 2015. Tal frå søknad om tilskot for dyr på utmarksbeite syner at ein svært stor del av norsk sau/lam også går på utmarkbeite. Ser ein på del sau/lam på utmarksbeite etter talet på sau/lam i besetninga finn ein at bruken av utmarksbeite er aukande med aukande storleik på besetninga. For søknadsomgangen 2014 søkte 73 prosent ev besetningane med 21-40 dyr på tilskot til utmarksbeite, medan tilsvarande tal for besetningar med over 301 dyr var 88 prosent. Meir informasjon om beitebruken går fram av tabellen nedanfor.

Tabell: Utviklinga i tal sau og lam på beite

År	Sau og lam- tal for dyr på beite 12 (16) veker ¹⁾	Sau/lam på beite i prosent av totalt dyretal	Sau og lam – tal for dyr på utmarksbeite	Sau/lam på utmarksbeite i prosent av totalt dyretal
2006 ²⁾	2 279 598	97,5 %		
2008	2 202 599	98,5 %	1 900 171	86,0 %
2013	2 226 261	98,8 %	1 908 294	85,7 %
2014	2 260 134	99,2 %	1 945 389	86,5 %
2015	2 343 729	99,1 %	2 005 071	85,9 %

1. Tal for sau/lam på beite etter søknad om det generelle beitetilskotet med krav til beitetid i 12 (16) veker
2. Fyrste år med det generelle tilskotet for beiting i 12 (16) veker.

Innanfor den korte tidsfristen for svar, har ikkje alle dei største produsentane av kraftfôr hatt moglegheit til å gje informasjon om utviklinga i sitt sal av kraftfôr til sau/lam. Den informasjonen departementet har motteke dekkjer like fullt storparten av marknaden for 2013-2015. Det er òg bønder som nyttar kraftfôr laga for storfe til fôringa av sau, men informasjon om omfanget av dette er ikkje tilgjengeleg.

Utviklinga i produksjonen av kjøt av sau/lam og i sal av kraftfôr til sau/lam, syner at forbruket av kraftfôr ikkje har auka ut over det som følgjer av veksten i produksjon av kjøt av sau/lam dei siste åra.

Med helsing

Jon Georg Dale